

R 565-4 HOVEDVEG BYÅSEN, PROFIL 1500 - 1800

1. INNLEIING

På oppdrag frå Veg- og trafikkseksjonen v/rådgivende ing. Reinertsen, har vi gjort ei enkel grunnundersøking i samband med ny hovudveg på Byåsen. Denne rapporten er ei fortsetting av rapport R 565 av 1.april 1981, frå vårt kontor.

På det tidspunktet vart det ikkje borra lenger enn til profil 1520 på grunn av for mykje snø. Ein vil no ta for seg resten av strekninga fram til profil 1800.

2. MARKARBEID

Markarbeidet vart utført 15. og 25. september 1981 under leining av borreformann Vårum. Det vart gjort i alt 5 dreieborringar og 9 sonderingar til fjell med Cobra slagborremaskin. I tillegg er det målt myrdjupne i 5 punkt.

3. GRUNNFORHOLD

Frå profil 1540 til profil 1660 er det ein høgdeforskjell på ca 10 m. Etter dette er det eit jamnt fall ned mot profil 1800.

På den delen av strekninga som ligg lågast, profil 1500 - 1580, er det noko myrlendt. Myrdjupna er ca 4,5 til ca 1,0 m. Under myrlaget er det faste massar over flussfjell, som ein finn i ca 5,5 - 2 m djupne.

Frå profil 1600 til 1670 er det lagt ut eit relativt tynt lag, 1 - 2 m, med humusholdig fyllmasse over fjellet.

Frå profil 1700 er flussfjellet dekket av 2,5 - 3 m med lausmassar, men frå profil 1740 fell fjellet sterkt av slik at ein i profil 1760 har ei lausmasseoverdekking på 10 - 12 m. I dei øvste 3 m har ein her liten dreiemotstand. Under dette delvis blaute laget, finn ein eit vel 1 m tjukt lag med fastare massar.

I profil 1800 er det igjen grunnare til fjell, og ein har her sondert til ca 7 m.

Etter dei foreløpige planane vil vegen gå i skjæring ca frå profil 1560 til 1800.

På det høgaste partiet vil skjæringa bli omlag 5 m høg. Det øvste laget av fjellet i dette området er ein god del forvittra, og dermed graybart. I kor stor grad det er mulig å grava ut skjæringa, er vanskeleg å seia utan prøvegraving.


Mellom profil 1700 og 1800 vil heile skjæringa gå i lausmassar.

Vi diskuterer gjerne dei resultatene som er lagt fram, og står elles til teneste i den vidare planlegginga.

Plankontoret
Geoteknisk seksjon

Øystein Røe

Erling Romstad
Erling Romstad



HOVEDVEG BYÅSEN ALI VEST

SITUASJONSKART

- Dreieboring
- Slagsondering til fjell
- Torvdybder

TRONDHEIM KOMMUNE
 GEOTEKNISK SEKSJON

MALESTOKK:
 1 : 1000

TEGN. AV:
 K. T.

DATO:
 2. 10. 81

KONTR.:

RAPP. NR.:
 565 - 4


BILAG:
 1

PR.1500

PR.1600

PR.1700

PR.1800



MALESTOKK:
 HM = 1 : 200
 LM = 1 : 500

HOVEDVEG BYÅSEN ALT VEST
 LENGDEPROFIL MED DREIEBOR-
 SLAGBOR - OG TORVDYBDE -
 RESULTAT
 PROFIL 1500 - 1800

TRONDHEIM KOMMUNE
 GEOTEKNISK SEKSJON

REGN. AV:
 E.R.
 DATO:
 30.9.81
 KONTR.:

PAAP. NR.:
 R 565-4
 BILAG:
 2